



Vår sakshandsamar:
Heidi Vederhus

Vår ref:
20/388-20

Dato:
21.07.2020

Informasjon til tilsette i helse- og omsorgstenetene i Stryn kommune

Kvar går reisa?

Det er frå 15. juli opna opp for fritidsreiser til mange land i Europa som har ein smittesituasjon vurdert som under kontroll etter kriteria sett av FHI. Dette er land som vert skildra som «grøne», og ein kan reise til desse landa utan å måtte i ti dagars karantene ved heimkomst.

Lista over «grøne» land vert oppdatert kvar 14. dag på [FHI si nettside om reiseråd](#). Reise til land som ikkje er «grøne» vil føre til 10 dagars karanteneplikt ved retur.

Ver oppmerksom på at land som er «grøne» kan endre status og bli «raude» i løpet av reiseperioden. Då må du i karantene når du kjem heim.

Kva må du tenke på under reisa?

Du må følge [FHI sine reiseråd](#) ved alle reiser både i inn- og utland. Det er spesielt viktig at du tenker på følgjande:

- Unngå nærkontakt med andre enn reisefølget ditt. Hald minst 1 meters avstand.
- Unngå samlingar av folk der du kan risikere å stå trongt – til dømes kollektivtransport, fotballkampar, utestadar og liknande.
- Ver nøye med handhygiene og unngå å ta deg i andletet. Ha alltid handsprit lett tilgjengeleg.

Kva må du tenke på når du kjem heim?

På reise kjem ein i kontakt med fleire og andre menneske enn til vanleg. I dei fleste land i Europa har ein hatt vesentleg meir smitte enn i Norge, og smittesituasjonen er stadig skiftande og lite føreseieleg.

Utanlandsreiser fører med seg auka risiko for smitte. I Stryn kommune gjeld difor følgjande tryggleikstiltak for helsearbeidarar som har vore på reise i utlandet:

- Etter reise til «grøne» område:
 - Munnbind i nærkontakt (<2m) med pasientar første ti dagar etter heimkomst. Du skal vere spesielt oppmerksom på eigne symptom på sjukdom.
 - Testing for Covid-19 ved heimkomst. *Du skal ikkje vere i pasientnært arbeid før første prøve er stadfesta negativ.* Kontrollprøve skal deretter takast tidlegast 48 timar etter første prøve og tidlegast 5 dagar etter heimkomst.
- Etter reise til eit område som er «raudt» på det tidspunktet du kjem heim, må du i 10 dagars karantene etter heimkomst.

Kven har ansvar for kva?

Helsearbeidarar jobbar tett på personar som har auka risiko for alvorleg forløp av Covid-19. Den enkelte har difor eit særleg ansvar for å oppføre seg slik at risikoen for å sjølv verte smitta – og dermed potensielt smitte andre – er så lav som råd.

Stryn kommune har ansvar for at vi har system for å førebygge smitte i tenestene våre. Vi ønskjer difor at du informerer din næraste leiar om eventuelle utanlandsreiser i god tid slik at ein kan legge til rette for førebyggjande tiltak ved heimkomst. Time for testing ved heimkomst må skje umiddelbart når du kjem heim. Dette bør skje i god tid før du skal tilbake til jobb etter ferien.

Dersom du ikkje har fått testa deg før du startar i jobb må du ta kontakt med din næraste leiar snarast. Det vil bli lagt opp til at du då må byte vakt, og ta denne igjen så fort du kan vise til negativ test. Du må sjølv avtale byte av vakt med ein kollega. Næraste leiar skal ha beskjed om vaktbyttet.

Besøk i heimen frå karantenepliktig land

Dersom du får besøk i heimen din frå karantenepliktig land, må du vere særskild merksam på smittefare. Du må ha dialog med din næraste leiar i forkant, slik at det kan takas nødvendige førehandsreglar for å unngå auka risiko for overføring av smitte.

Ynskjer dykk alle ein framleis god sommar!

Helsing
Stryn kommune, Helse og sosial

Heidi Vederhus
kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur